



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE


Årsmelding 2017

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Innhold

Rolle og funksjon i valperioden 2015 – 2019	2
Arbeidsplan 2016 – 2019.....	3
Aktivitetsåret 2017	3
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	5
Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	6
Innspel til økonomiplan 2018 – 2021	6
Høyringsuttale til ein meir effektiv og framtidsretta hjelpemiddelformidling, for auka deltaking og meistring.....	6
Høyringsuttale til pasienten si legemiddelliste	6
Uttale til Gauland kommune – forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester	6
Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018	7
Høyringsuttale til regional plan for kultur.....	7
Innspel til mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021.....	7
Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021	8



Rolle og funksjon i valperioden 2015 – 2019

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen. Rådet skal handsame saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, med tanke på å gjere kvar dagen enklare for dei. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart følgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)
Varamedlem: Gunn Karin Sande (Sp)

Medlem: Odd Atle Stegegjerde t (Ap)
Varamedlem: Beate Bondevik Lie (KrF)

Medlem: Wenche Røkenes (FFO)
Varamedlem: Anita Æsøy (FFO)

Medlem: Magnus Strand (FFO)
Varamedlem: Geir Liavåg Strand (FFO)

Medlem: Bente Underthun (SAFO)
Varamedlem: Elbjørg Lie (SAFO)

Fylkesutvalet valde i møte 4. november 2015 følgjande som leiar og nestleiar:

Erlend Haugen Herstad - leiar
Odd Atle Stegegjerdet - nestleiar

Wenche Røkenes søkte om fritak frå vervet i mai 2017. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 20. juni 2017, og gjorde slikt vedtak i sak 66/17:

1. Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
2. fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Anita Æsøy
3. Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Synnøve Solhaugen Engen

Fylkeskommunale og kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne er lovpålagt gjennom *Lov av 17.06.05 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne*. Meir detaljar om lova finn du her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-58>

Arbeidsplan 2016 – 2019

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne justerte arbeidsplanen i møte 9. februar 2017:

Vision:

Menneske med nedsett funksjonsevne har like rettigheter og mogleigheter som alle andre

Mål:

- Rådet vil jobbe for:
 - Likeverd og likestilling, gjennom mogleighet for likeverdig deltaking i samfunn, skule og arbeid
 - Eit meir tolerant samfunn utan diskriminering og mobbing
 - Handlings- og bevegelsesfridom som innebærer like økonomiske, kunnskapsmessige og sosiale rettigheter for alle
- Innbyggjarane og fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane skal vite kva fylkesrådet er, og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming

Tiltak:

- Arrangere landskonferanse i 2017 for fylkesråda saman med Hordaland og Rogaland
- Lage digital informasjonsbrosyre om fylkesrådet, samleinformasjon og dagsaktuelle ting?
- Arrangere konferanse for heile fylket i løpet av perioden
- Vere aktive i media for å stå i spissen for saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne
- Vere ein aktiv bidragsytar i fylkeskommunen sitt planarbeid
- Vere synleg i fylkesting og fylkesutval
- Oppsøke og informere alle partigruppene
- Invitere leiarane for hovudutvala (inkl. fylkesdirektørane) til dialog med fylkesrådet. Kva ser for eksempel hovudutvala for seg av kva som er utfordringar og kva fylkesrådet kan engasjere seg i
- Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO ha dialog med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker som fylkesrådet bør jobbe med
- Samarbeide med dei kommunale råda for å få innspel og drive oppfølging

Aktivitetsåret 2017

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjennomførte 5 rådsmøter og handsama 17 saker i 2017. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 24 skriv og meldingar.

9. februar var møte i Førde, der Annlaug Kjelstad frå planstabben i fylkeskommunen var og orienterte om planarbeidet i fylkeskommunen.

24. april hadde fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne møte i Vågsøy, og fekk informasjon frå Vågsøy ungdomsskule om teiknspråk som fordjupingsfag. Det vart vedteke uttalar til følgjande i møte (sjå vedlegg for uttale):

- Innspel til økonomiplan 2018 – 2021

5. mai hadde fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne telefonmøte der dei vedtok uttale til:

- Høyringsuttale til «en meir effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling – for økt deltagelse og mestring»

6. juni var det møte på Skei, der representantar frå SAFO og FFO orienterte om saker som dei meiner er viktige for dei to brukarorganisasjonane. Det vart vedteke uttalar til følgjande i møte (sjå vedlegg for uttale):

- Pasientens legemiddelliste
- Høyringsuttale til Gauldals kommune om forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgns tenester

20. september var møte lagt til ei to-dagars samling i Gaupne, der det bar orienteringar og omvising ved ATS i Luster, Lustrabadet, Luster kommune om velferdsteknologi, skule og barnehage og Gaupne omsorgssenter. Samlinga vart avslutta ved Sogndal vidaregåande skule der fylkesrådet fekk informasjon om tilbodet til elevar med spesielle behov. Det vart vedteke uttalar til følgjande i møte (sjå vedlegg for uttale):

- Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018



Fylkesrådet samla til middag i samband med to-dagars samlinga i Gaupne.



Teknisk leiar Siv Merete Marås orienterte om aktivitetar og fasilitetar ved Lustrabadet i Gaupne



Astrid Kristiansen Rømmen; rådgjevar for tilpassa opplæring v/Sogndal vidaregåande skule orienterte om tilbodet for elevar med spesielle behov

28. november møttest fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne på Leikanger, der dei fekk orientering frå trainee Frank Tore Farsund Tveit i nærings- og kulturavdelinga om folkehelse, og teamleiar Kenth Rune Teigen Måren frå opplæringsavdelinga om det førebyggande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i fylket kring temaet mobbing. Det vart vedteke uttalar til fyljande i møte (sjå vedlegg for uttale):


- Høyringsuttale til regional plan for kultur
- Mål- og strategidokumentet for vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021
- Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging



Trainee Frank Tore F. Tveit orienterer om folkehelse

Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

- I 2017 arrangerte fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane landskonferanse saman med Hordaland og Rogaland. Landskonferansen var i Stavanger 31. oktober – 1. november. Overordna tema for konferansen var universell utforming. Bidraga frå Sogn og Fjordane til faglege innslag var:
 - Universell utforming av IKT
 - Velferdsteknologi som del av helsefagarbeidarutdanninga ved Stryn vidaregåande skule
- 26. – 27. oktober 2017. SOR-konferansen i Oslo, der Odd Atle deltok første dagen. Tema for konferansen var «Ferdigheter for fremtiden».



Frå presentasjonen til Difi om universell utforming av IKT.



Lærarar og elevar frå Stryn vidaregåande skule.

Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Innspel til økonomiplan 2018 – 2021

- Vidaregåande opplæring - unngå segregerte tilbod i vidaregåande opplæring, slik at alle vert inkludert. I vareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- Folkehelsearbeidet – det skal vere eit tilbod for alle
- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutta ikkje rammar desse gruppene
- Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne
- Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne

Høyringsuttale til ein meir effektiv og framtidsretta hjelphemiddelformidling, for auka deltaking og meistring

- Retten til hjelphemiddel fortsatt skal ligge til folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelphemiddel. Dette vil sikre dei funksjonshemma sin tilgang til naudsynte hjelphemiddel på alle livsområder slik at grunnleggande menneskerettigheter vert ivaretakne.
- Retten til hjelphemiddel må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør forbetra hjelphemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar.
- Skal ansvaret ut i kommunen vil det krevje mykje investering og tilrettelegging for å få rett spisskompetanse, eigna lokale og utstyr. Det set store krav til kvalitet i innkjøp, ettersyn og oppfølging av elektronisk utstyr, logistikk av hjelphemiddel og reperasjon av avansert utstyr.
- At innbyggjarane, gjennom folketrygda, er sikra hjelphemiddel som kompenserer for nedsett funksjonsevne, vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta

Høyringsuttale til pasienten si legemiddelliste

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar hensikta og ser nødvendigheita med å lage ei legemiddelliste for pasientar, men det er viktig med digital sikkerheit, slik at uvedkommande ikkje får tilgang til sensitive data. Det er viktig at pasienten får medisinien som dei treng.

Uttale til Gaular kommune – forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphold.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheimspllassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheimspllassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at hovudregelen bør vere einerom til pasientane. Samstundes er det viktig at det vert teke omsyn til ektefeller som har ynskje om å dele rom ved langtidsopphald på sjukeheim.

Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig med gode transportvilkår. Difor er det viktig at vi ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i fylket. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Det er viktig at serviceskyssen vert gjort kjent på ein god måte rundt om i kommunane, slik at tilboden om serviceskyssen vert kjent blant alle brukarane i kommunane.

Det er særleg viktig at vedlikehaldet på gang- og sykkelvegar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle, og det er eit godt folkehelse tiltak. Busstoppa må så langt som råd vere på stader der ein kan ivareta universell utforming. Billettsystem må vere tilrettelagt for alle.

Høyringsuttale til regional plan for kultur

Regional plan for kultur er ein plan som skal gje kultur for alle.

Det er viktig at planarbeidet sikrar universell utforming, og tilgang til kultur for alle menneske.

Fylkesrådet ynskjer at brukar organisasjonar for menneske med nedsett funksjons evne skal vere involvert i planarbeidet.

Innspel til mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne syns at dokumentet er tydeleg og kortfatta med gode mål og strategiar.

Fylkesrådet kjem med innspel om at mål- og strategidokumentet vert sett i samanheng med den regionale planen for folkehelse 2015 – 2025. I den regionale planen står det m.a. dette om framtidensbiletet for Sogn og Fjordane år 2025:

- «I fylket har vi ei brei samfunnsmessig tilnærming som betyr at det vert teke omsyn til faktorar i alle samfunnssektorar i tråd med «helse i alt vi gjer».

Folkehelsearbeid i Sogn og Fjordane er den samla innsatsen frå alle i samfunnet for å vedlikehalde eller betre helsa i befolkninga. Det ligg eit krav om å styrke verdiar som gjer det mogleg for det enkelte individ eller grupper å ta ansvar, delta, meistre og å få kontroll over eige liv og situasjon.

- *For oss er god folkehelse at den einskilde opplever meistring i kvardagen, deltaking i samfunnet og opplever å ha gode levekår, god livsstil og god livskvalitet.*
- *Fylket står saman i arbeidet mot ei framtid der:*
 - *Alle som ynskjer å jobbe/delta i samfunnet er inkludert*
 - *Barnehage og skule syter for at alle barn opplever meistring, vert sett og inkludert*
 - *Ingen fell utanfor samfunnet på grunn av mangel på omsorg/hjelp»*

I pkt. 3.3 satsingsområdet «Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule» står det m.a.:

- *«Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Låg formell utdanning og fråfall frå vidaregåande skule gjev problem knytt til helse og levekår seinare i livet. Utdannings- og arbeidsmarknadstilknytinga vert markant betre dersom ein fullfører vidaregåande opplæring, medan dei som bryt skulegangen har større sjansar for å hamna utanfor, eller er i ein marginal posisjon på arbeidsmarknaden. Sannsynet for å vere registrert som arbeidssøkar hjå NAV og leve av offentleg støtte, er og mykje større i denne gruppa enn i andre utdanningsgrupper.*
- *Satsingsområdet skal m.a. fremje:*
 - *Betre trivsel, meistring og læringsutbytte for elevane*
 - *Hjelpetenester som er tilgjengelege og kjende for barnehagen og skulen*
 - *God integrering av fleirkulturelle*
 - *Gode levevanar og toleranse*
 - *Styrka kompetanse hjå tilsette i skule og barnehage*
 - *Hindre fråfall i vidaregåande skule og arbeidsliv*
 - *Tiltak som fremjar stabile oppveksttilhøve og trygge heimar»*

Fylkesrådet meiner at eit inkluderande psykososialt skulemiljø er viktig for elevane si læring og utvikling og at dette bør kome tydlegare fram i dokumentet. I tillegg meiner fylkesrådet at det er viktig at alle elevar vert møtt med respekt og omtanke, og at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.

Høyrsuttale til handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021

Satsingsområde: sikringsutstyr:

- *Eit godt tiltak er at alle nyttar refleks og refleksvest når dei er ute å går eller syklar, for å vere godt synlege i mørket. Refleksaksjonane som fylkeskommunen har hatt med jamne mellomrom om hausten er eit godt tiltak*

Satsingsområde: trafikksikker kommune:

- *Det må leggast vekt på universell utforming, slik at alle brukargrupper kan ferdast i sine nærområde. Å vere trygg i trafikken er viktig for at alle kan bevege seg fritt
 - *Fotgjengarfelta må ha godt synlege kvite stripser, vere godt belyst og godt skilta for bilistane**
- *Fylgje opp brøyting og strøing av alle vegar inkludert gang- og sykkelvegar*

Satsingsområde: trafikkåtferd:

- *Haldningsskapande arbeid er viktig og må vere ein kontinuerleg prosess frå dei yngste til dei eldste. Opplæringa må tilpassast dei ulike aldersgruppene og dei ulike formene for trafikantar. Haldningar i trafikken er viktig*



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no

Framsidefoto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem